

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 13/2021

av 5. februar 2021

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/992 av 9. juli 2020 om godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Aspergillus niger* (DSM 25770) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle fugleartar meinte for eggproduksjon (innehavar av godkjenninga: BASF SE)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1033 av 15. juli 2020 om fornya godkjenning av L-arginin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* ATCC 13870 og godkjenning av L-arginin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80182 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyreartar og om oppheving av forordning (EF) nr. 1139/2007⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Gjennomføringsforordning (EU) 2020/1033 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 1139/2007⁽³⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 1zzzza (kommisjonsforordning (EF) nr. 1139/2007) opphevast.

⁽¹⁾ TEU L 221 av 10.7.2020, s. 73.

⁽²⁾ TEU L 227 av 16.7.2020, s. 27.

⁽³⁾ TEU L 256 av 2.10.2007, s. 11.

2. Etter nr. 347 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/180) skal nye nummer lyde:

”348. **32020 R 0992**: Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/992 av 9. juli 2020 om godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Aspergillus niger* (DSM 25770) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle fugleartar meinte for eggproduksjon (innehavar av godkjenninga: BASF SE) (EUT L 221 av 10.7.2020, s. 73).

349. **32020 R 1033**: Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1033 av 15. juli 2020 om fornya godkjenning av L-arginin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* ATCC 13870 og godkjenning av L-arginin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80182 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyreartar og om oppheving av forordning (EF) nr. 1139/2007 (EUT L 227 av 16.7.2020, s. 27).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2020/992 og (EU) 2020/1033 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 6. februar 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 5. februar 2021.

For EØS-komiteen

Clara Ganslandt

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.